

Eivind Sagstad
Sagstadvegen 135
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13792 - 20/60519

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
25.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 319/34 Sagstad Nedre

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 319/34
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.08.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er søkt med ei plassering 0 meter i frå nabogrense. I nabogrensa ligg ei tilkomstveg for bustader i området, og kommunen kan ikkje godkjenne omsøkte avstand til denne. For at ein skal kunne nytta vegen og vedlikehalde den er det naudsynt å trekke tiltaket inn slik at den ligg med ei avstand på minimum 1 meter i frå vegen.



2. Det er naudsynt å supplere søknad med ei erklæring i frå eigar av gbnr 319/69 om samtykke til plassering av tilbygg 1 meter i frå nabogrense, jf. Plan- og bygningslova 29-4 tredje ledd.

Røyr i grunn

Vi har gjort eit søk på eigedomen og finn ingen røyr i vegbana eller over arealet tilbygget er plassert. Vi kan ikkje stadfeste at det ikkje ligg private røyr i grunn, og rår til at du avkrefta dette før oppstart av arbeid. Dette til orientering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **16.10.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Siril Sylta
Leiar for Arealforvaltning

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eivind Sagstad

Sagstadvegen 135

5919

FREKHAUG